# Nautevågen friluftsområde

### Friluftsområde i Lindås

Som i resten av Nordhordland er kommunen delt opp av fjordar og vågar. Lindåsosane med gode tilhøve for kano og kajakk er vide kjent, og elles kan Lindås kommune skilta med den nordlegaste bøkeskogen i verda. Som elles i regionen er lyngheiane eit viktig trekk i kulturlandskapsbiletet. Lindås er vertskommune for Lyngheisenteret som er etablert på Lygra i Lindås. Nautevågen ligg nord i kommunen mot Fensfjorden. Området har fleire idylliske badeviker med strand og svaberg. Fiske frå svaberga i nordre del av Nautevågen. Parkeringsplass i bakkant av området med sti ned til friluftsområdet. Området er tilrettelagt for rørslehemma med parkering, toalett og baderampe.

### Allemannsrettane

Ein viktig del av kulturarven vår er å vere ute i naturen. Vi har frå gammalt av hatt rett til å ferdast i skog og mark – etter elvane, på innsjøar og i skjergarden –og til fjells uavhengig av kven som eig grunnen.

Allemannsretten gjeld i utmark og inneber at du også har plikter når du er ute i naturen. Hugs å lukke grinder etter deg og vis omsyn til dyr på beite. Har du hund, respekter bandtvangen i tida 1.1 - 20.8 og når det er sau på beite. Ver varsam med eld – **hugs at du ikkje kan tenne bål i nærleiken av skogsmark i tida 15.4 – 15.9.**

Med telt kan du fritt overnatte same stad i utmark og på Friluftsrådets områder, inntil 2 døgn i låglandet, utan å spørje grunneigar. Men hugs at du aldri skal setje opp teltet nærare enn 150 m frå hus eller hytte der det bur folk. Ver nøye med å rydde når du dreg. Båtfortøyning skal berre være for kortere tidsrom.

**Utmark** er udyrka mark, og omfattar det meste av vatn, strand, myr skog og fjell i Noreg. Udyrka mindre areal i dyrka mark reknast ikkje som utmark.

**Innmark** er all dyrka jord; åker, eng, kulturbeite, hage - og i tilegg yngre plantefelt, gardsplass, hustomt og industriareal.

### Ordensreglar

√ Dersom du lagar bål i strandkanten i vinterhalvåret, ikkje legg bålplassen rett på svaberg slik at berget sprekk opp.

√ Tenn ikkje eingongsgrillar på bryggjer eller anna underlag som er brennbart.

√ Sløkk eingongsgrillane forsvarleg etter bruk og ta dei med heim eller sett dei ved søppelkonteineren.

√ Vær vennleg å la livbøyene hengje i fred, slik at dei er i god stand om det vert ein nødsituasjon.




Skjærgårdstenesta er eit samarbeid mellom kommunar, fylkeskommunar, statlege styresmakter og friluftsråda i Hordaland og Rogaland. Samarbeidet omfattar skjøtsel og drift av friluftsområde i Vestkystparken, langs kysten frå Austrheim i Nord til Egersund i Sør.

Skjærgårdstenesta har ei rekkje oppgåver som til dømes:

- √ Renovasjon
- √ Tilsyn og drift av toalett
- √ Skjøtsel av vegetasjon
- √ Ettersyn og vedlikehald av friluftsområda
- √ Informasjon og haldningsskapande arbeid

SKJÆRGÅRDSTJENESTEN



### Andre friluftsområde i Bergensregionen

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) driv dei fleste bade og friluftsområda i Bergensregionen. I Lindås kommune er BOF ansvarleg for 11 friluftsområde i tilegg til tilrettelagde rasteplassar for padling i Lindåsosane.




### Bergen og Omland Friluftsråd

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) er eit interkommunalt samarbeidsorgan som driv over 178 friluftsområde i Bergen og omlandskommunane Askøy, Austevoll, Austrheim, Fjell, Fusa, Lindås, Meland, Os, Tysnes, Samnanger, Sund, Radøy og Øygarden.

**Er du interessert i å vite meir kan du kontakte:**


**Bergen og Omland Friluftsråd**
**Hellebakken 45, 5039 Bergen**
**Tlf. 55 39 29 50**
**Faks. 55 39 29 59**
**E-post: Firmapost@bof.no**
**Nettsider: www.bof.no**